

Referat fra Valdresrådet

20. februar. 2018 på Kommunestyresalen, Vestre Slidre kommune,
kl. 10.00 – 16.00

Tilstede: Inger Torun Klosbøle, Eivind Brenna, Leif Solemsli, Kjell Berge Melbybråten, Toril Grønbrekk, Kåre Helland, Magne Mjøs, Vegard Riseng, Linda Mæhlum Robøle, Trine Adde Hansebakken, Haldor Ødegård, Helge Lajord, Merete Hovi, Erik Engelién, Arne Lambech, Arnfinn Beito, Rasmus Piltingsrud frå kl. 11.00, Ole Aastad Bråten, Hilde Tveiten Døvre, Mona Kleven, Olaf Nils Diserud, Kjersti Bjørnstad, Dag Arne Henriksen (adm. rep.) til kl 14.00, Martin Sæbu (adm. rep), Jørund Ødegård Lunde og Katharina Sparstad (adm. rep) sak 4-/-19

Meldt forfall:

Vidar Eltun. Bjørn Mathisen, Odd Erik Holden og vara Marit K. Strand, Kathrin Aslagsby og vara Svein Erik Wold, Kari – Anne Jønnes Boie Ludvigsen (adm. rep.), Øivind Langseth (adm. rep.), Martin Sæbu (adm. rep.) Kristian Damstuen (adm. rep.) og.)

Konstituering av møtet:

Inger Torun Klosbøle, rådsleder leia møte.

Innkalling og sakliste samrøystes godkjent.

Odd Erik Holden og vara Marit K. Strand hadde forfall, der møtte Magne Mjøs.

Valdresrådet gav han møte- og talerett. Kathrin Aslagsby og vara Svein Erik Wold hadde forfall. Der møtte Rasmus Piltingsrud, Valdresrådet gav han møte- og talerett.

Jørund Ødegård Lunde er referent.

Ingen saker under eventuelt

Regionrådsleiar Klosbøle takka for samarbeidet med Knut Nes. Ho framheva at han hadde bidrege til ein betra kommunikasjon mellom deltidsinnbyggjarane og kommunane i Valdres.

Orienteringssaker:

1. Orienteringar frå Oppland fylkeskommune:

Kjersti Bjørnstad:

- Bioøkonomi, presentasjon leggast ved protokollen
Det er laga ein eigen bioøkonomistrategi i Gjøvik, bør Valdres gjera det same? I Ottadalen er det danna ei klynge.
- Handlingsplan mot sjølv-mord, vedteke i Oppland fylkesting 12.02, dette er haldningsarbeid som bør brukast av kommunane.
- Innlandet, det arbeidast med visjon og strategi.. Høyring om samarbeidet mellom fylke og kommunar, høyring i mars. Vedtak i juni. Leiarar på nivå 3 innplasserast no

- Breiband, OFK har ambisjon om å bygga meir breiband. OFK har lagt 10 mill. i potten for 2019 og utfordrar kommunane på spleiselag.

Arne Lambech: Bioøkonomi, sakna konkretisering

Haldor Ødegård poengterte at Valdres bør vera med på breibandsutviklinga vidare. Han etterlyste statleg risikokapital i samband med biobrensel og låge straumprisar. Eivind Brenna utfordra Hilde Tveiten Døvre, kva pågår i Valdres på biosatsing? Arnfinn Beito tok opp flisfyring og potensialet for dette. Kåre Helland og Toril Grønbrekk sa at på flisfyring var dei tidleg ute, Etnedalen var faktisk fyrst i Valdres Ole Aastad Bråthen, det må forskast meir på bioøkonomi. Hilde Døvre, nokre eksempel: Norsk massiv tre og Begna bruk er gode eksempel.

2. Orientering om endeleg budsjett for VNK 2019 og innleia til sak 5-/-19, presentasjon leggst ved. Kåre Helland meinte at vi må finne et litt stort fellesprosjekt. Merete Hovi sa: Berekraftig opplevingsregion er en stor fellessatsing. Kjersti Bjørnstad, ikkje for mange små prosjekt. Eivind Brenna meinte at ein del småprosjekt er viktige. Ole Aastad Bråthen meiner at modellen med Valdresrådet er positiv. Rasmus Piltingsrud, grensesnitt mellom bo region og arbeid. Å ha kapasitet til å følgje opp flaksen, næringsutvikling er saken og som Telemarksforsking seier, ein skal satsa innanfor dei næringane ein har. Haldor Ødegård, mange næringar kan utvikle seg. Vi må utvikle det me har. Det kan vera like nyttig å prate med næringslivet ein dag som å vera på eit møte. Helge Lajord, kva får vi ut av møta i Valdresrådet. Helge Lajord er me for offensive? Er me flinke nok til å marknadsføre VNK innad. Toril Grønbrekk, å skapa arbeidsplassar – det er potensiale for å skapa arbeidsplassar.
3. Valdres som reiselivsdestinasjon 2025, kva gjer me for å lukkast?
 - Merete Hovi, reiselivssjef i Visit Valdres. Regionens destinasjonsselskap, knapt 300 medlemmer. 640 000 kommersielle gjestedøgn i Valdres. Valdres har god vekst i det kommersielle reiselivet. Vi har god utvikling, men vi har eit potensiale. Kvar 2. seng står tom i følgje statistikken. Fjord Norge, og prosjektet «Viking in the fjords» som er på skuldersesongane - vi må også jobbe med skuldersesongen. Vi må arbeide for fleire besøkande og fleire heilårsarbeidsplassar. Vi må bli betre til å kommunisere opplevingane i heile Valdres.
 - Ole Michael Bjørndal frå NHO Reiseliv (næringspolitisk fagsjef) "Reiselivsnæringen, kommunenes beste venn." Han viste at reiselivet er verdens raskast veksande næring. Reiselivet bidreg inn i kommunane med arbeidsplassar og skattepengar. Han tok også opp skattereglar, moms, vindkraft avgrensing av cruisetrafikk og førarkortreglar for utanlandske arbeidrarar.
 - Liv Bjerke, rådgjevar reiseliv, Oppland fylkeskommune «Framtidsmulighetene i Oppland inn i den store regionen Innlandet». 3,1 mrd turistankomstar i verden, Frankrike er på topp med Spania , USA og Kina, Italia og Mexico på dei neste plassane. Verdens raskast veksande bransje. Verdens reiselivsorganisasjon:

det som er trendy er vandring, berekraftig fjellturisme og autensitet.

Stikkord er:

- Autentisk
- Bærekraft
- Digitalisering

Reiselivet i Oppland er organisert i 4 destinasjonsselskap, dei mottok bidrag frå OFK. Pengane skal gå til fellesskapstiltak som nettside. Hedmark har ikkje tilsvarande. Det må vera eit samarbeid mellom næring, der offentlig og forskning. Vi må jobbe beinhardt for at reiselivet blir like viktig i Innlandet som det er i Oppland for å ta vår del av veksten. Hedmark meiner at støtta til destinasjonsselskap kan være i strid med EØS reglementet. Det er offentleg støtte til ein privat organisasjon, OFK meiner dei og har vore innanfor regelverket.

Saker til handsaming:

V 1-/-19 Protokoll

V 2-/-19 Val av nestleiar til Valdresrådet

V 3-/-19 Innspel til orienteringa om reiselivet

V 4-/-19 Innspel til festivalstrategi 2019-20

V 5-/-19 Evaluering av organiseringa i VNK

V 6-/-19 Referatsaker

V 7-/-19 Eventuelt

V 1-/-19 Protokoll

Forslag til vedtak:

Valdresrådet godkjenner protokoll av 19. september2018

Vedtak:

Valdresrådet godkjenner protokoll av 19. september2018

V 2-/-19 Val av nestleiar til Valdresrådet

Framlegg til vedtak:

Eivind Brenna veljast som nestleiar av Valdresrådet frå dags dato og ut valperioda

Vedtak:

Eivind Brenna veljast som nestleiar av Valdresrådet frå dags dato og ut valperioda

V 3-/-19 Innspel til orienteringa om reiselivet

Reiselivet er viktig for Valdres, Korleis synleggjør vi severdigheitene våre. Korleis vurderer me flytrafikk og reiseliv i eit bærekraftig perspektiv? Må arbeide meir i saman, i nettverk. Styrke bedriftene, gjera ting bookbart og få det ut til bedriftene. Større trøkk om det nære potensialet, 58 000 besøkande nordmenn på Valdresmusea. Reason to og and reason to stay. Det er viktig å kople opplevingane og reiselivsbedriftene. Reiselivets tydning for Innlandet må opp på agendaen. For Valdres kan det utarbeidast ei uttale til fellesnemda i Innlandet. Hedmark meiner at dei ikkje kan dele ut støtte til destinasjonsselskapa ut frå eit konkurranseperspektiv. Enkeltbedriftene og reiselivet må stå fram og synleggjera verdien av destinasjonsselskapa»

Forslag til vedtak:

Innspillene tas med i det vidare arbeidet.

Vedtak:

Innspillene tas med i det vidare arbeidet. Visit Valdres utarbeider et utkast til uttalelse fram til Valdresrådet 3. april.

V 4-/-19 Innspel til festivalstrategi 2019-20

Forslag til vedtak:

Innspillene fra diskusjon tas med i det vidare arbeidet med Festivalstrategi 2019-2020

Handsaming:

Katharina Sparstad innleia. Spørsmålet om krav blei diskutert. Kva er viktig å marknadsføre? Poeng som vart nemnt: Å jobbe opp mot merkevara er viktig. Viktig å ta vare på matchinga med kulturrådsmidlar. Dei festivalene som er økonomisk bærekraftige, dei bør kanskje finansiere seg sjølv. Med eit slikt opplegg som dette får vi ikkje fram utviklingspotensiale. Kulturrådet deler ut pengar ut frå kulturhensyn åleine. Viktig at festivalene er reason to og og /eller reason to stay. Navn på ei bedrift støttast ikkje, ei bra portefølje som i dag. Dei festivalane som går godt, er det rett at vi skal støtte dei? Det kan være eindagsarrangement som generer mange besøkande. Dei som legg arrangement til lågsesong bør premierast. Det er viktig å belønne dei som bidreg til merkevara. Det bør vera verdifult å vera ein del av merkevara. Potten bør delast, ein del til å støtte mot kulturrådets pengar og det bør vera ein pott til nyutvikling. Ein internasjonal dimensjon er og viktig, Kan ein tenke samanheng: landbruksdagen, stølsveko og stølsfestivalen? Potten burde vera større og delt i to. Alt i alt fungerer systemet vi har, men er vi gode nok på utvikling? Beskutting av frivillige, det burde vi arbeide for å fjerne.

Vedtak:

Innspillene fra diskusjon tas med i det vidare arbeidet med Festivalstrategi 2019-2020

V 5-/-19 Evaluering av organiseringa i VNK

Forslag til vedtak:

Valdresrådet ber Regionstyret ta med seg innspela i det vidare arbeidet

Handsaming:

Leif Solemsli; Bli dette sendt ut til partnerne? Arne Lambeck; Klare grenser og klare mål. Kven gjer kva? Vi må ville gjera kvarandre gode? Bør eit av Valdresmagasina omhandle det regionale samarbeidet? Tveiten Døvre: Korleis er me organiserte, brukar me for myke ressursar på mange små selskap? Bør me sjå på dette på nytt? Arnfinn Beito, burde vi ha hatt ein innspelslink til Valdresrådet på nettsidene våre. Haldor Ødegård, det bør fleire politiske spørsmål på dagsorden. Må føle tilhøyrsløse til konseptet. Rasmus Piltingsrud, kva er hensiktsmessig å diskutere som region? Kva kan vi som region ta tak i og kva bør kommunane ta tak i? Spørsmål kan takas opp i møtet? Ole Aastad Bråthen, vi bør kanskje bli meir offensive i innspela, i kjølvatnet av Innlandet blir det fleire frieri om institusjonell tilknytning. Gode lokale forpliktingar er viktig for Valdresmusea. Valdresmusea blir målt på samarbeid i nasjonale nettverk. Fleire ytra at arenaen er blitt betre, og at dei synes det er viktig å få delta.

Vedtak:

Valdresrådet ber Regionstyret ta med seg innspela i det vidare arbeidet. Partnerane kan gje skriftlige innspel fram 20. mars

V 6-/-19 Referatsaker

Forslag til vedtak:

Valdresrådet tek referatsakene til orientering

Handsaming:

Haldor Ødegård: Burde ha hatt eit studium på ivareta hytteturismen.

Referatsak 2, Musikk i Innlandet. Mona Kleven stilte spørsmål om saka. Ho viste til rapporten og meinte betalingsmodellen ikkje er berekraftig. Eivind Brenna svarte at frå fylkestinget er det sagt at ein skal bruke året til få dette på plass. Han meinte det var viktigare å bidra til innhaldet enn å kjempe for hovudsete. Ole Aastad Bråthen sa: det store produksjonsmiljøet på klassisk musikk er i forbindelse med Valdres sommersymfoni. Det er viktig å be om ein plass i arbeidsgruppa på fylket.

Vedtak:

Referatsakene takas til orientering, men i referatsak to vil Valdresrådet påpeike at Valdres må vera representert i den fylkeskommunale arbeidsgruppa.

V 7-/-19 Eventuelt

Ingen saker.